

DOKTORGRAD

# På veg mot ei ny forståing og ein ny normal: Kvinner sine ønske og behov for oppfølging etter underlivskreft, og deira erfaring med digital rehabilitering

Avhandlingen viser at mange beskriver både sykdommen og behandlingen som en traumatiske opplevelse. For mange av dem blir tiden etter behandling særdeles krevende.

Sigrund Breistig

Doktorand

Doktorgrad

Kreftpasienter

<https://På veg mot ei ny forståing og ein ny normal: Kvinner sine ønske og behov for oppfølging etter underlivskreft, og deira erfaring med digital rehabilitering>

Studien viste at kvinner som har gjennomgått behandling for underlivskreft, viser at mange savnet informasjon og oppfølging fra helsetjenesten etter utskrivelse. Studien undersøkte også effekten av et digitalt rehabiliteringsprogram som kombinerte informasjon, mindfulness-øvelser og refleksjonsoppgaver. I tillegg til det digitale programmet, hadde kvinnene ukentlige telefonsamtaler med en sykepleier, som de opplevde som avgjørende.

- Doktorand: Sigrund Breistig
- Disputas: 26.november 2024
- Utgått fra: VID vitenskapelige høgskole

Svar på 3 spørsmål

1. Hva tilfører denne forskningen av ny innsikt?
2. Hvilke metoder har du brukt og hvorfor?
3. Hvem vil kunne dra nytte av forskningen i klinisk praksis?

Studien viser at kvinnene erfarte ein brutal overgang fra ferdigbehandling til å komme heim, der dei kjende seg åleine om konsekvensar frå sjukdom og behandling.

Kvinnene mangla kunnskap som kunne støtte dei i å forstå og handtere endringane etter sjukdom, og sakna helsepersonell som tok kontakt med dei etter utskriving. Sentralt var kvinnene sitt ønskje om hjelp til å kunne hjelpe seg sjølv. Studien viste vidare at digital rehabilitering med sjukepleiestøtte, har eit potensial til å gje psykososial støtte til kvinner i rehabiliteringsfasen etter underlivskreft. Informasjon og innsikt i konsekvensar av sjukdom og behandling, er av betydning for å kunne meistre livet etter underlivskreft. Fråvær av informasjon kan derimot forsterke redsle, usikkerheit og einsemnd. Det digitale programmet, som var basert på kvinnene sitt sjølvstendige arbeid og bestod av førehandsdefinert innhald, blei opplevd som personleg og nært når kvinnene kunne identifisere seg med innhaldet i programmet og når programmet retta seg mot utfordringane deira. Intime tema som seksuell helse etter underlivskreft eignar seg godt for det digitale mediet, då den digitale flata gir rom for å opne opp om det som er vanskeleg å snakke om ansikt til ansikt. Kvinnene skildra telefon oppfølginga med sjukepleiar som avgjerande for det gode utbyttet i digital rehabilitering. Dette fordi det var så krevjande å gå inn i eiga sjukdomserfaring, som kvinnene frykta kunne utløyse både angst og vonde kjensler. Kvinnene trong den faglege kunnskapen til sjukepleiaren som kunne bekrefte erfaringane deira. Sjølv om samtalen med sjukepleiar fann stad over telefon, blei relasjonen beskrive som ekte og nær.

Seksuell helse var eit usnakka tema i helsetenesta, samtidig som det var opplevd som ei stor utfordring for mange.

Det digitale programmet som fokuserte på seksuell helse som heilskapleg velvære, samt ivaretaking av behov og grenser, gjorde at kvinnene opplevde ein styrka seksuell integritet. Kunnskap om korleis sjukdom påverka den fysiske kroppen, og forståinga av seksuell helse som ein eksistensiell dimensjon, hjelpte kvinnene til å opne opp samtale om emnet.

Fenomenologisk hermeneutikk – Eg har brukt individuelle djupne intervju med kvinner som har vore ferdigbehandla for underlivskreft og teke del i det digitale rehabiliteringsprogrammet Gynea. Eg har brukt Lindseth og Nordberg sin fenomenologiske hermeneutiske metode for å analyse data.


Helsepersonell som har ansvar for oppfølging av kvinner etter underlivskreft, at ein kjenner til betydninga av informasjon, og at ein har kunnskap om utfordringar som kvinnene kan møte som etteverknad frå behandling, sjølv etter at ein er ferdigbehandla. Også at ein er merksam på å anerkjenne utfordringar og det som er vanskeleg etter behandling, framfor åleine å ha fokus på det som er positivt. Kvinnene i denne studien opplevde det som motsetningsfylt å bli møtt med at ein skulle vera heldig som var frisk, når dei streva med etterverknadar frå sjukdom og behandling som svekka livskvaliteten deira.

Studien viser også til betydninga av at helsepersonell som møter pasientgruppa har kunnskap om seksuell helse som eit eksistensielt verande, framfor å avgrense seksuell helse til funksjon og aktivitet.

Studien gir også kunnskap som kan nyttast når ein skal utvikle, og iverksette digitale helsetenester. Studien lyftar fram den medmenneskelege relasjonen si betydning i digital rehabilitering. For mange av deltakarane var det svært viktig å få støtte av sjukepleiar i det sjølvstendige arbeidet. Denne kontakten blei skildra som mellommenneskeleg kontakt som hadde ein verdi som gjekk utover det som blei formidla i det digitale programmet. Samtidig fortel kvinnene om store personlege og emosjonelle prosessar som fann stad medan dei jobba sjølvstendig med programmet.

Forskinga som er gjort i denne studien, kan forståast som ei kvalitativ evaluering av Gynea, som også har bidratt til at programmet no blir vidareført gjennom Vardesenteret, som er ein møteplass for kreftramma, drive i samarbeid med Kreftforeininga og helseføretaka. Såleis kan det bli eit tilbod for alle kvinner i Norge som er ferdigbehandla for underlivskreft.

# DOKTORGRAD



DISPUTAS: Sigrund Breistig disputerte for sin doktorgrad 26.november 2024.